


Skogselskapet i Rogaland

Livet er betre når du plantar skog og fyrer med ved



Finansdepartementet v/Knut Thonstad
Postboks 8008 Dep.,
0030 Oslo



Stavanger, 17. august 2003

Innspel til Nasjonal Handlingsplan for Bærekraftig Utvikling – Nasjonal Agenda 21

Skogselskapet er ein frivillig organisasjon med 20 fylkeslag og 12 000 medlemmer. Vi engasjerer oss i skog, skule og samfunn på ideelt grunnlag fordi vi meiner at skogbruk og bruk av tre er eit gode for samfunnet, ikkje minst med tanke på å sikre ei bærekraftig utvikling.

Vi meiner handlingsplanen, og påfølgjande politiske vedtak, bør:

- Sikre at det løner seg å drive eit kontinuerlig, bærekraftig, aktivt og økonomisk lønsamt skogbruk, samt satse på vidareforedling av trevirke, gjennom gode og føreseiande rammevilkår
- Sikre skogressursar av god kvalitet, og stort nok omfang, til å dekke komande generasjonar sitt behov for trevirke og bioenergi (oljealderen varer ikkje evig)
- Medverke til at ein større del av dagens, og framtidig, behov for energi til oppvarming kjem frå fornybare ressursar slik som bioenergi frå skogen
- Føre til auka bruk av treprodukt til erstatning for substituttar med dårlegare miljørekneskap sett i eit livsløpsperspektiv
- Leggje til rette for FoU-aktivitet for å finne nye bruksmoglegheiter for tre
- Sikre at befolkninga kan foreta miljøriktige val basert på kunnskap (miljømerking av produkt, informasjonskampanjar, undervisning på skulen, kurstilbod, o.l.)

Skogbruk, biologisk mangfald og miljø

Nasjonal politikk bør leggje tilhøva til rette for at skogbruket i Norge kan bli eit viktig middel for å nå måla om reduserte CO₂-utslepp og ei bærekraftig utvikling. Det er flott at ny kunnskap om miljøverdiar i skog blir implementert i moderne skogsjøtsel, og at det blir sett av midlar på statsbudsjettet til miljøregistreringar i skog (MiS-registreringar). Men vi meiner at ein bør sjå skogbruket i ein større samanheng, og då særleg med tanke på moglegheitene for å redusere overskottet av CO₂. Dette skjer først og fremst gjennom opptak i fotosyntesen, og opptaket er størst for tre i god vekst. Det er derfor svært gunstig å oppretthalde høg produksjon på dei skogklede areala. Til dette treng Norge eit kontinuerleg, bærekraftig, aktivt og økonomisk lønsamt skogbruk som vel treslag etter veksttilhøva lokalt, sørgjer for nødvendig ungsogpleie og tynning, og driv ut skogen etter moderne prinsipp for hogst og utkøyning. *Den elementære samanhengen mellom planting/tilrettelagt forynging og bruk av tre må inn i handlingsplanen.*

Trevirke som fornybar ressurs

Miljø-effekten til skogbruket blir først fullt ut nytta når ein går over til å bruke (norsk) trevirke i staden for substituttar, med dårlegare miljørekneskap*. Årsaka er at trevirke i utgangspunktet er CO₂-nøytralt** og dermed svært miljøvennleg. To gode døme på treprodukt med ein god miljørekneskap er bioenergi frå skogen og bruk av limtre i store bygg.

Dersom ein samanliknar produksjonen av limtre med produksjonen av stål, så valdar produksjon av limtre berre ein femdel av klimagassutsleppa samanlikna med framstilling av stål. Det er denne typen rekneskap som bør bli avgjerande for kva råstoff og produkt det norske folk bør bruke.

Regjeringa bør leggje til rette for at det er økonomisk lønsamt å kjøpe produkt med ein god miljørekneskap framfor å kjøpe deira mindre miljøvennlige substituttar.

* samla utslepp av klimagassar/CO₂ ved produksjon, frakt, bruk og avfallshandtering

** opptak av CO₂ i fotosyntesen er lik utslepp av CO₂ ved rotning eller forbrenning

Omlegging til bioenergi krev innsats og gode rammevilkår

Ein brukar energi tilsvarande 10% av energien i veden til produksjon og frakt av bioenergi. Med overgang til biodiesel blir miljørekneskapen, med tanke på utslepp av CO₂ ved produksjon og frakt, svært gunstig. Ein bør vere klar over at det ikkje løner seg økonomisk å leggje til rette for produksjon av rein energiskog i Norge, ei heller å drive ut større område med skog som har spreidd seg sjølv (t.d. krattskog av bjørk). Det er det dårlegaste tømmeret, frå hogst av velskjøtta skog, som kan brukast til bioenergiføremål.

For å lykkast med omlegginga til bruk av bioenergi må det etablerast gode, føreseiande økonomiske rammevilkår for etablering av bioenergianlegg. Bruk av fornybar energi bør dessutan vere rimelegare enn bruken av miljø-forureinande energi. Vi meiner også at fossil energi, t.d. gass, berre bør brukast der den erstattar eksisterande bruk av endå meir miljøfientlege energikjelder og der den ikkje kan erstattast av meir miljøvennlige energikjelder. Handlingsplanen bør derfor leggje til rette for at fornybar energi blir brukt framfor gass der tilgangen på fornybar energi er stor nok. Introduksjon av gass bør ikkje skje dersom det reduserer og eller/hindrar introduksjonen av fornybare energikjelder.

Utbyggjarar av anlegg for vassboren varme bør påleggast å velje den mest miljøvennlige energikjelda ut frå ei heilskapleg vurdering av miljøeffekten, økonomi og leveransetryggleik. Dessutan bør ein påleggje energiseljarane å gje opp om energien er grøn eller ikkje. Merk at ikkje nokon fossil energi kan omtalast som grøn, heller ikkje såkalla "naturgass."

LA21 i praksis

Vestlandet har landets mest produktive skog og vil, med riktig forvaltning, ha alle føresetnader for å dekke ein monaleg del av det framtidige energibehovet til oppvarming, samt behovet for materialar i landsdelen. Vi meiner derfor at det er rett å støtte opp om den fleirsidige skogproduksjonen som føregår i dag. I tillegg bør ein, med tanke på bærekraftig produksjon og bruk, leggje til rette for auka lokal vidareforedling og bruk av lokalt produsert kortreist tømmer. Dette vil gi ei tydeleg verdiauke for tømmeret, oppretthalde og/eller skape nye arbeidsplassar i distrikta og redusere transportbehov for virke og produkt. Grovt rekna gir hogst av 1000 m³ tømmer eit årsverk i primærskogbruket, medan det gir 2 årsverk på sagbenken (småsagbruk). Undersøkingar viser at eit årsverk i skogbruket aukar sysselsetjinga elles i lokalsamfunnet med 1,5-2 gonger.

Tre er mirakelmaterialet for det 21. hundreår.

Ta utfordringa, sats langsiktig på skog i Statsbudsjettet!

Med venleg helsing

Skogselskapet i Rogaland

Skogselskapet i Vest-Agder

Lorentz B. Nilssen
styreleiar
- sign. -


Robijne Verstegen
dagleg leiar

Even Hedland
styreleiar
- sign. -